

«Lay Lady Lay»

Lay, lady, lay, lay across my big brass bed
Lay, lady, lay, lay across my big brass bed
Whatever colors you have in your mind
I'll show them to you and you'll see them shine
Lay, lady, lay, lay across my big brass bed

Stay, lady, stay, stay with your man awhile
Until the break of day, let me see you make him smile
His clothes are dirty but his hands are clean
And you're the best thing that he's ever seen
Stay, lady, stay, stay with your man awhile

Why wait any longer for the world to begin
You can have your cake and eat it too
Why wait any longer for the one you love
When he's standing in front of you

Lay, lady, lay, lay across my big brass bed
Stay, lady, stay, stay while the night is still ahead
I long to see you in the morning light
I long to reach for you in the night
Stay, lady, stay, stay while the night is still ahead

Kvil, kvinne, kvil, kvil her på mi breie seng¹
Kvil, kvinne, kvil, kvil her på mi breie seng
Og alle fargar ein kan tenke seg
Dei skal eg finne, sjå, dei skin for deg
Kvil, kvinne, kvil, kvil her på mi breie seng

Bli, kvinne, bli, bli hos din venn ei stund
Til dagen smyg seg inn, lokk fram smilet rundt hans munn
Kleda hans skitne, handa vaska kvit
Du er det beste som har kome hit²
Bli, kvinne, bli, bli hos din venn ei stund

Kvifor vente lenger på at alt skal til
Ta din bit av kaka når du kan³
Kvifor vente lenger på den rette no
Sjå, rett framfor deg, her står han

Kvil, kvinne, kvil, kvil her på mi breie seng
Bli, kvinne, bli, bli når natta kjem igjen
Kan eg få sjå deg nær i morgonlys⁴
Kan eg få røre deg når eg frys
Bli, kvinne, bli, bli når natta kjem igjen

Dylan er ikkje lett å omsetje til norsk, det er vanskeleg å bevare den friske snerten Dylans lyrikk ofte har, noko slentrande og likevel elegant. Eg har omsett ein del Cohen-tekstlar til nynorsk, og det slår meg at mens den alvorlege, detaljprirkete Cohenske lyrikken fungerer ok på nynorsk, ville eg kanskje lettare fått til ei god omsetjing av Dylan til bokmål. Likevel - eg satsar på nynorsk utgave.

Ein del tvangsrime blei det, så veldig friskt føler eg vel heller ikkje det blei, - men, nokre avsnitt er eg fornøgd med, og eg har lagt ein del arbeid i å ligge nærast mulig originalen i innhald og ordval, og å få fram det eg opplever som dramaturgien i songen - 1. strofe: Breial, på mannens premiss, klassisk forfører/sjarmør, 2. strofe: maktposisjonen skifter, ho kan tity meir til han enn omvendt, brua: han lokkar og smigrar, men initiativet og makta ligg hos henne, 4. strofe: Full retrett, han nærmast tryglar, er avhengig, ei slags fullbyrding av 2. strofe.

¹ Vanskeleg å få plass til messingen, det får halde med brei

² Best thing – tingleggjering = det

³ Idiomatisk uttrykk – få i både pose og sekk, men eg likte kakebildet så godt at eg brukte det

⁴ Litt søtt og lettvent med lys og frys, men elles fungerer det, så då får det passere